



Til utlån: Bøker som er knytt til Sirdal



Sirdal - Klassiske fotografi av Magnus Espeland

Av Magnar Undheim og Bjørn Moi

Boka presenterar mange av dei flotte bileta etter Magnus Espeland (1903-1990). Dei skildrar hans møte med dalen og menneska som budde her og vandra her. Bileta er frå ein periode kor slik dokumentasjon var uhyre sjeldan. Kulturhistorisk tekster er skrive av Magnar Undheim.



Namwala

Av Steinar Tjomlid

Dette er beretningen om Steinar Tjomlid sitt møte med Zambia i 1969. Dette vart eit møte som skulle bli heilt annleis enn det han hadde tenkt. Her er mange finurlege historie, skildra på ein svært levande måte. Steinar Tjomlid er oppvaksen i Sirdal, og har vore mange år som lærar i Afrika.



Minaki

Av Steinar Tjomlid

I denne boka får ein presentert endå fleire historie frå Afrika. Steinar og Kate Tjomlid har budd der i sju år, og har eit særst sterkt forhold til Afrika. Her er mange finurlege historie, skildra på ein svært levande måte. Lesaren forstår fort kjærleiken til Afrika: stillheten, dei solsvidde slettene med alle dyra, venner, varmen,



Hard er mitt lands lov

Av Tore Kvæven

Dette er debutromanen til sirdølen Tore Kvæven. Boka er omtalt som ein eventyrlig vikingroman.


Det norske skipet Havjerven ligg til hamn i Roma då høvdingen blir utfordra og drepen i sverdkamp av grønlandingen Ulfr...



Kameljegeren

Av Tore Kvæven

Dette er ei spennande og humoristisk bok for eventyrarar! På ein eldgamal motorsykkel reiser kameljegaren inn i verdas største ørken. Framfor han spring Tam, ein halvtam afrikansk villhund, og bak han sit Øystein og Lisa. Forfattar Tore Kvæven er oppvaksen i Sirdal og er busett her. Dette er han fyrste barnebok.



Hulder

Av Tonje Tornes

Dette er fyrste bok i *Kire-serien* om Erik Skoglund og den tiltrekkande hulderjenta Flora. Handlinga er lagd til Sirdal og hovudpersonen er elev på Tonstad skule. Denne ungdomsboka byr på mørk spenning og magisk realisme, lesaren møter ungdom med sterke krefter i eit norsk bygdemiljø.



Njardarheim

Av Magnar Undheim

I samband med eit studium i lokall historie, skreiv Magnar Undheim ei semesteroppgåve om Njardarheim.

I all hovudsak er denne boka eit opptrykk av denne oppgåva. Njardarheim er eineståande i norsk historie ved måten dette heieområdet vart kjøpt opp og brukt. Eventyret er snublande nær desse spora bakover i tid og



Placebodefekten

Av Gunnar R. Tjomlid


Gunnar R. Tjomlid er oppvaksen i Sirdal og er ein av Noregs fremste bloggare med bloggen Saksynt. Han har skriva bok om kvifor alternativ behandling virker som den virker. ”Det virker for meg!” Denne frasen høyrer vi til stadighet, både frå venner, i diskusjonsforum på internett og i reklamer. Men hvorfor opplever



Gaffelbiter biter ikke

Av Jack Rostøl

”Gaffelbiter biter ikke” er en av fleire særmeldingar som vart sendt på radio frå London til motstandsgrupper som var i fjellet. Boka skildrar livet til Kåre Rostøl under den mest spennande tida hans av krigen. Han ville gjera det han kunne for at Noreg skulle bli fritt så fort som mogleg. Samstundes var det viktig å setja



Kasper Idland - fra krig til kamp

Av Jack Rostøl og Nils Helge Amdal

Denne boka handlar om Kasper Idland, som under andre verdenskrig var villig til å ofre livet, villig til å ta liv og villig til å redde liv, og som leiar for tungtvannssaksjonen, sa: ”Han lojalitet var enkelte ganger nesten for mye av det gode!”.



Øvre Sirdal under krigen

Av Magnar Undheim


Abel Haugen var Milorg sin kontaktperson i Øvre Sirdal under krigen. Dette heftet skildrar innsatsen hans, basert på hans egne ord. Abel hadde ei fengslende forteljarevne, eit skarpt minne og sansen for dei små detaljane som krydrar alle historiane hans.



Fleire aar i en sørlandsk fjeldbygd

Av Guri Trygslund


Forfattere, Guri Trygslund, har vore lærar på Tonstad i fem år. Seinare skreiv ho denne boka der ho fortel om opphaldet og lærarvirket i Sirdal. Boka er interessant då den i tillegg til å vera eit stykke skulehistorie, fortel om levevilkår og samtidshistorie frå denne tida. M.a. kan ein lese korleis ei ung lærerinne møter eit



Før sølvsnoeren brister

Av Tobine Gilbrant


Tobine Gilbrant ser tilbake på sitt liv, og i denne boka deler hun opplevelser og erfaringer med oss. Enkelt og naturlig, ekte og tillitsvekkende forteller hun om det hjemmet hun vokste opp i og skildrer hendelser frå sitt ungdomsliv. Tobine var søster til Sigrid, som var gift med Sigbjørn K. Tonstad.



Med krage og pistol

Av Karthon Håland

Boka skildrer presten Erling Fagerheim sine dramatiske krigsopplevelser. Fagerheim har vært bosatt i Sirdal. Han var både prest og offiser da krigen kom. Tyskerne ville henrette han, men på en mirakuløs måte greide han å rømme. Senere gikk han på ski til Sverige, en tur på 700 kilometer midtvinters.



Sinnes skule - 100 år

Utgjeven av Sirdal kommune 1991


Dette er ei jubileumbok for Sinnes skule - 100 år. Boka skildrar korleis skulen og skuletilhøva var i farne tider. Her kan ein lese artiklar og sjå bilete frå mange år med skulehistorie.



Minne og meiningar

Av Albert Sandvik

Albert Sandvik var lærar i grunnskulen i over 20 år. Han budde på Tonstad. I denne boka har han skrive om nærmiljøet og ting som han var glad i. Skriftene har høg kulturhistorisk interesse og skildrar kvardagslege emne m.a. Støsliv, På gjengrodde tufter, Hyremennene frå Øksendal, Jakttid, Bondekultur eller Disneyland.



Navnløs dåd

Av Tobias Salmelid

Denne boka er ei samling av dagboksblad og hendingar frå livet til Gunda og Einar Tonstad, gjennom krig og fred. Gunda og Einar var to engasjerte misjonsvenner frå Tonstad.



Trollørna og sendemannen

Av Tobias Salmelid

Tobias Salmelid er fødd i 1937 på Tonstad. Salmelid var Etiopia-misjonær. I denne boka fortel han om gudjien Minkafe Dube. Minkafe veks opp i heidenskap og overtru. Han kjem i kontakt med misjonen og vert ein kristen, men så tek vanskaner til: Skal han bryte med dei gamle skikkane?



Vandringer i Setesdal Vesthei

Red. Harald Flå

Denne boka prøver å gå i breidda av Setesdal og Setesdalsheiene. Dette er ein presentasjon av mangfaldet som fin her. Boka tek deg med inn på stier og løyper, sommar og vinter, og den er òg ein guide gjennom fjellområdet sin rike historie.



Det er så mange hendingar i bygdombarns minne

Av Kjell M. Sinnes

Dette er ei samling tekster kor Kjell M. sinnes fortel om barndomsminne og kvardagshendingar frå sin oppvekst i Ousdal i Sirdal.



Planteliv i Sirdal

Av Asbjørn Lie og Per Arvid Åsen

Mykje er kjent om floraen i Sirdal, men då helst som plantelister med latinske namn, og turka plantar i herbarium på museum. Det meste av denne kunnskapen er samla på Agder naturmuseum m.m. og dette heftet er ein presentasjon av denne lokalfloraen.



Salmeli

Av Tobias Salmelid

Boka handlar om Salmeli - fjellgrenda og folket ned gjennom tidene, i tekst og bilete. Salmeli-ættene og deira strid for tilværelsen har inspirert forfattar Tobias Salmelid til å samle inn bilete, skrifter og artiklar om kulturlivet i denne fjellgrenda.



Fengslet i fjellheimen

Av Tobias Salmelid

Dette er saga om Gunnhild Pedersdatter Ousdal Salmeli (1857-1951), og dei som sto henne nær. Ein møter menneske som hadde ein eineståande evne til å halde seg oppreist både i motgang og medgang.



Livet på gården - slik jeg husker det (Krønike fra Ousdal Gård)

Av Tordis Ousdal Lien

Dette er ein krønike frå Ousdal gard. Den skildrar korleis generasjonar før oss levde, korleis dei arbeida og kva dei skapte av livsgrunnlag for seg og sine. Her er lokalhistorie, slektsgransking og beskriving av arbeidet på garden gjennom dei fire årstider.